

# APPLAUS FOR

## nyttårskonserteren 2014

Det var fullt hus og stormande jubel i Førdehuset laurdag 11. januar. Som «brukar» av tidlegare nyttårskonserter var eg imponert over kva SOFORK (Sogn og Fjordane Symfoniorkester) med dirigent Michael Pavelich ga denne kvelden. Dei satsar og på unge strykarar og hadde med eit flott «haleheng» av desse. Og så fyrverkeriet Alexander Rybak då, som engasjerte orkester, dei unge strykarane og publikum i våre tonar, pop og rock! Kjempekveld! Tusen takk!

**Inger Lind Aasen**